

# Spørsmål til budsjett og økonomiplan frå Drangedal

## MDG 24.11.2025

**Spm. 1, 2. og 3** Vil det vere mogleg å få til ei tidlegare nedlegging av Tørdal skule enn 2027, for å dra nytte av innsparingane tidlegare i økonomiplanperioden?

Kva er dei begrensande faktorane for kor tidleg ein kan leggje ned Tørdal skule?

Kva vil vere innsparinga i ei så tidleg som praktisk mogleg nedlegging av Tørdal skule?

**Svar:** For å få ein god prosess er udir sine retningslinjer for skolenedleggelser fornuftig å følge. Eit budsjettvedtak i desember vil krevje ein prosess som ikkje kan bli klar før siste møte i kommunestyret i juni. Dette er svært seint for dei elevane som ikkje veit kva skule dei skal starte på i august.

For skuleledelsen startar planlegginga av nytt skuleår tidleg i kalenderåret. For å sikre eit godt arbeidsmiljøet for dei tilsette er vi avhengig av langsiktig planlegging. Kommunestyrevedtak om skulenedleggelse i juni, vil ikkje gje nok tid til å omstille på ein god måte, og vil mest sannsynleg gje mindre innsparing. Det er vanskeleg å estimere denne innsparinga før ein har sett behovet for rekruttering gjennom året.

[Behandlingen av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser | udir.no](#)

**Spm. 4** Post 15330 «Private veier»: Blei ikkje denne sett ned til 100.000 kr i førre budsjett? Kvifor er denne no oppe i 200.000?

**Svar:** Summen er satt opp for å møte eit mål om å privatisere fleir kommunale vegar. Dette for å kunne oppretthalde regelverket for tilskot til private vegar. Det er stor usikkerheit knytt til denne summen.

**Spm. 5** Finst det alternativ til å tilsetje eigen kommunepsykolog, til dømes gjennom vertskommunesamarbeid eller liknande?

**Svar:** Budsjettsummen som er satt av er ikkje nok til å dekkje tilsetting av kommunepsykolog på heiltid. Både deltid og samarbeid med andre kommunar er aktuelt.

24.11.2025

Øystein Tveit

Kommunedirektør